



# Kinn Arbeidarparti

---

## Dagsorden årsmøte 2023

1. Opning kl. 18:00
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Konstituering
  - a) Val av ordstyrar
  - b) Val av sekretær
  - c) Val av to til å skrive under protokollen
4. Årsmelding 2022
5. Arbeidsplan Kinn Arbeidarparti 2023
6. Reknskap 2022, budsjett 2023 og revisors beretning
7. Politiske uttaler
8. Val
9. Innkomne saker
10. Gjest innleier til debatt
11. Politisk debatt
12. Avslutning

## Sak 7. Politiske uttaler:

Desse uttalane er meldt inn til årsmøte:

### Frå Florø Arbeidarlag:

#### Sak. 7.1. Heildagsskule

Florø Arbeidarlag ynskjer at regjeringa fortset det gode arbeidet mot ein gratis heildagsskule for alle.

Det har lenge vore eit mål for Arbeidarpartiet at grunnskulen i Norge skal gje alle barn eit gratis heildagstilbod. Dei fleste barn i Norge går på SFO etter skuletid i 1. og 2. klasse, men mange familiar med låg inntekt har ikkje hatt råd til å benytte SFO og barna må gå heim att når skulen er ferdig ca kl 12:00. Mykje læring, lek og sosialt fellesskap skjer i SFO-tida og borna som ikkje får vere med vert utelatt frå alt dette, berre pga familien sin økonomi. Dette har skapt eit skille blant 6-7-8 åringane i Norge som ikkje Arbeiderpartiet kan vere bekjent av. Med innføringen av gratis SFO i 12 timar pr veke frå hausten 2022, og høve til å gi gratis fulltids plass i SFO til førsteklassingar som kjem frå familier med låg inntekt, så er vi på god veg til å innføre ein universell heildagsskule for alle.

Florø Arbeidarlag ber Regjeringa om å ikkje stoppe arbeidet her, men å jobbe vidare for gratis SFO for alle 1 og 2 klassingar, uansett inntekt, først då kan seie at vi har fått ein gratis og inkluderande heildagsskule i Noreg.

**Handsaming:** Styret støtter uttalen og føresler den oversendt til Kommunestyregruppa.

#### Sak. 7.2. Større leikeplass i Florø

Florø Arbeidarlag ynskjer å utvide klatreparken i Florø sentrum.

Klatreparken har vore ein suksess frå dag ein. På dagtid vert parken nytta av Florø Barneskule/SFO. På ettermiddagen og i helgene er det mange barn og barnefamiliar som nyttar seg av den fine leikeplassen sentralt plassert i byen vår.

Florø Arbeidarlag ynsker å utvide parken slik at enda fleire barn og familiar kan møtes og leike saman, sidan den til tider vert litt for liten. Vi ber kommunestyregruppa jobbe for å få det inn i neste års budsjett, evt få kommuneadministrasjonen til å søke om Tippemidlar og andre midlar for å få økonomien på plass. Når vi no skal utvikle "sjukehusomtå" på eine sida, og Markegata på den andre sida, må vi også tenke på barna som har leikeområde i midten og utvikle det området i same omgang.

**Handsaming:** Styret støtter uttalen og føresler den oversendt til Kommunestyregruppa.

#### Sak 7.3. Lokale for ungdomane i Florø

Florø Arbeidarlag vil jobbe for at ungdomane, og unge vaksne i Florø kan få seg eit nytt lokale for sosiale treff og festar.

Unge som vaks opp på 80-90 og 2000-talet i Florø hadde tilbod om dans på samfunnshuset og ein kunne leige "Skytten" til bursdagar og fester. Når "Skytten" vart revet, Centrum Bar nedlagt, og dei resterande utestadane har 20-års grense så finns det ikkje lengre nokon plass der ungdomar mellom 18 og 20 år kan møtast. Ved å ha eit felles lokale som alle kan nytte, så vert fester og sosiale treff for ungdomar meir inkluderande, opne og trygge, kontra heimefestar i privatbustader. På eit offentlig festlokale vil der vere vaksne vakter tilstades som kan passe på.

Det er ikkje ei kommunal oppgåve å lage til utestader men viss ungdomen, kommunen, frivillige lag og organisasjonar, huseigarar og private bedrifter går saman så kan dette løyse seg.

Det er viktig for ein kommune og fremme bulyst slik at innbyggjararen trivast og at ungdomen har lyst til å busette seg her, eller kome attende til byen etter studiar. Dette er berre **eit** tiltak som kan skape bulyst og som kan gje ungdomen eit positivt forhold til heimbyen sin. Ungdomen er viktig og dei er framtida!

Florø Arbeidarlag ynskjer å sende denne resolusjonen til kommunestyregruppa, Ungdomens kommunestyre, elevrådet på Vidaregåande, til Russestyret, FIN, Byen vår Florø, Firdaposten og til Kultur og Fritid i Kinn kommune, for å mulig skape debatt og få til ei løysing saman.

**Handsaming:** Styret støtter uttalen og føresler den oversendt til Kommunestyregruppa.

#### **Sak. 7.4. Elkraftprisen – nye tiltak nødvendig nå!**

Situasjonen i elkraftmarkedet er i dag uforutsigbar og preget av høy pris. Regjeringen innførte strømstøtte som et strakstiltak for private husholdninger. Dette var et tiltak som var effektivt på kort sikt, men kun ment som en midlertidig ordning. Det er nå på tide å etablere et system som gir norske forbrukere forutsigbar og lav strømpris. Å ha et eget innenriks strømmarked, uavhengig av gassprisen, kan være en vei. Det forventes uansett at regjeringen snarest kommer med en ny og bedre prissettingsmodell.

I Norge har vi i alle år tilpasset oss til en lav . stabil pris på elektrisk kraft. Det har vært fundamentet for både privat og kommersiell bruk. Det norske samfunnet har sammen bygd opp den infrastrukturen vi har på vannkraft. Situasjonen i dag er at vi har en høy og ustabil prising av elektrisk kraft. Elkraft prises opp mot det europeiske gassmarkedet. Mye av situasjonen skyldes utvilsomt krigen som Putin startet i Ukraina, med de grusomme menneskelige følgene det har fått.

På den annen side virker det svært urimelig at den norske forbruker skal betale høyere og langt på vei uforutsigbar pris på strøm når Sverige stopper kraftverk for vedlikehold. Det speiler på mange måter en prismodell som få i Norge synes er fornuftig.

Det er pekt på at vi trenger mer kraft i den grønne omstillingen vi er i gang med. Derfor må vi parallelt se på mulighetene for å effektivisere eksisterende kraftverk og etablere andre kilder basert på vind og sol.

Regjeringen har instruert elkraftprodusentene i Norge til å holde igjen på eksport av elkraft når det er fare for mangel i landet. At elkraftbransjen faktisk må få en slik beskjed, som skulle vært helt unødvendig, viser hvor dårlig dagens prissetting fungerer.

**Handsaming:**

#### **Sak 8. Val**

**Se innstilling frå valnemnd – eiga vedlegg.**

##### **Valnemnd for Kinn AP:**

Valnemnd 2022 består av:

Terese Gjerde, Vågsøy AL - ikkje attval

Lars Terje Standal, Eikefjord AL - ikkje attval

Bente Nygård, Florø AL - attval

##### **Styret innstiller til valnemnd for 2023:**

Bente Nygård, Florø AL

Helen Hjertås, Vågsøy AL (ny)

Anders Ole Sunnarvik, Eikefjord AL (ny)

#### **Sak 9. Innkomne saker:**

##### **Frå Vågsøy Arbeidarlag:**

##### **Sak. 9.1. oppfølging medlemmer**

Kinn AP må følge opp medlemmer som har vært lenge i partiet, æresmedaljer, runde dager og gravferd med en oppmerksomhet. Kinn AP bør ha egne rutiner på dette.

**Handsaming:** Styret støtter uttalen og føresler den oversendt til det nye styret.

**Sak. 9.2. Avvikling av Vågsøy Arbeidarlag**

Vågsøy arbeidarlag leggst ned, under føresetnad av at Florø og Eikefjord arbeidarlag gjer det same.  
Alle arbeidarlaga legg ned drifta og opphøyrer f.o.m. 1.1.2024

**Handsaming:** Styret støtter uttalen og føresler at årsmøtet i Kinn Arbeidarparti sender den vidare til det nye styret for å starte opp prosessen med intensjon om at arbeiderlaga vert lagt ned ved årsmøte 2023.

**Frå Eikefjord Arbeidarlag:**

**Sak. 9.3.** Forslag om å legge ned Eikefjord Arbeidarlag. Eikefjord Arbeiderlag skal ha ekstraordinært årsmøte den 16.04.23 om dette.

**Handsaming:** Styret støtter uttalen og føresler at årsmøtet i Kinn Arbeidarparti sender den vidare til det nye styret for å starte opp prosessen med intensjon om at arbeiderlaga vert lagt ned ved årsmøte 2023.